



Det er meininga at hybelhuset skal vera ein sentral base for dei som kjem til asylmottaket på Husnes

Det er no bestemt at det vert etablert asylmottak på Husnes. Det skal har driftsstart 1. mars, og Hero Norge As skal stå for drifta. I samband med dette er det viktig med informasjon, og Kvinnherad kommune inviterer derfor til ope møte i Kulturhuset Husnes onsdag 17. februar kl.18.00. I invitasjonen skriv dei følgjande:

Kvinnherad kommune inviterer til ope møte om etablering av asylmottak 17. februar på Husnes i Kulturhuset, festsalen klokka 18.00
Representantar frå UDI (Utlendingsdirektoratet) , Hero Norge og kommunen vil informera og svara på spørsmål. UDI vil m.a. informera om etablering av mottak, kva det vil føra med seg av forpliktelse for kommunen og korleis dette vil kome inn på innbyggjarane. Det vil bli gitt ein kort status på flyktningsituasjonen generelt. Hero Norge vil sei noko om korleis dei har tenkt å etablere asylmottaket. Bustadar, drift m.m. Representantar frå kommunen vil vera tilstades.
Det blir lagt opp til eit ope møte, med høve til å stilla spørsmål frå salen.

Det er å håpa på godt frammøte for informasjon og engasjement er viktig for at dette skal verta ei best mogeleg løysing for dei som skal bu her.

Foto: Kvinnheringen
Nett: Thor Inge Døssland